

# ULVIK HERAD

## SAKSPAPIR

### Minimums- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftanlegg – uttale.

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvallssak
Heradsstyret	15.06.2011	043/11

Sakshandsamar Jon Oppedal	Arkiv: K1-232	Arkivsaknr 11/262 - 1
------------------------------	---------------	--------------------------

**Vedlegg:** Uttale frå Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK).

Nr	T	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	Vigdis Ekeland	Eiendomsskatt på kraftanlegg - Makstakssaken
4	I	LVK	LVK høringsuttalelse om maksimumsverdi for eiendomsskatt på kraftverk
3	I	LVK	Departementets framstilling av kommuneøkonomien

#### Saksutgreiing:

Finansdepartementet har i høringsnotat datert 15. april 2011 varsla endringar i maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatt på kraftverk. Endringa vart varsla i Statsbudsjettet 2011, og endringane vil kunne få verknad for budsjettåret 2012.

LVK som interesseorganisasjon for i alt 173 kommunar - som alle er vertskommunar for vasskraftproduksjonsanlegg, meiner at særordninga med minimums- og maksimumsverdiar for eigedomsskatt på kraftverk må opphevast.

Eigedomsskatt på kraftanlegg skal gje vertskommunane inntekter i tråd med dei verdiane som vert skapt gjennom vasskraftproduksjonen. Likevel er det slik at Stortinget ser eigedomsskatteinntekter som ein del av kommuneøkonomien, og i samband med kraftskattereforma midt på nittitalet vart det politisk diskusjon om kor store verdiar som skulle tilførast vertskommunar for kraftproduksjonsanlegg. Rundt årtusenskiftet var kraftprisane rimeleg lave sett i høve til dagens prisar, og for å sikre ei minsteinntekt til kommunane vart det vedteke å sette ei nedre grense (minimumssats) på kr. 0,95 pr. produsert kWt. Samstundes vart det vedteke å innføre ei maksimumsgrense på kr. 2,35 pr. kWt. Dette for å oppnå ei større grad av symmetri i eigedomsskatten og på den måten betre legge tilrette

for nyinvesteringar. Dagens ordninga vart iverksett i 2004, og særordninga med maksimums- og minimumsverdiar har stått nominelt uendra sidan med det inntektstapet dette medfører.

Med den auken i kraftprisane som har skjedd sidan desse reglane vart innførde har innteninga i kraftverka ført til at i dag vert størsteparten av kraftverka skattelagde etter maksverdien på kr. 2,35 pr. kWh. I praksis betyr det at kraftverkskommunane ikkje frå ta del i den verdiauken som skjer grunna auka kraftprisar. Denne verdiauken kjem i dag kraftverkseigarane til del, noko som gjer seg utslag i dei store utbytta som vert utbetalt til eigarane av kraftverk, i hovudsak dei store byane som Oslo og Bergen.

Departementet har gjennom sitt høyringsnotat opna for å gjere endringar i regelverket for eigedomsskatt for kraftverk. Departementet vil likevel ikkje fjerne minimum- og maksimumsstatane, men vil justere desse slik at vertskommunane vil få ein større del av inntektene frå kraftsektoren. Sjølv om det var ein grunnleggjande føresetnad i samband med eigedomsskattereforma at det skal vere ein ”klar sammenheng mellom eiendomsskatten og lønnsomheten i de enkelte kraftverk” (St.prop. nr. 1 2003-2004) vil departementet berre justere satsane og ikkje meir enn vidareføre den uretten som alt i dag ligg i regelverket. Departementet meiner difor at det er kraftverkseigarane og Staten og ikkje vertskommunane som skal ta ut dei auka inntektene som følgjer med auka straumprisar. Eit eksempel på dette er at Oslo kommune i 2010 tok utbytte frå E-Co vannkraft og Hafslund på totalt 3.586 milliarder kr. Bergen måtte klare seg med eit utbytte frå BKK på 649 mill. kr.

Fjerning av makssatsen ville for Ulvik herad medføre ei årleg meirinntekt på 2.741 mill. kr. For nabokommunar ville meirinntekta bli betydeleg større, og det vert brukt som argument frå departementet at ”rike” kraftkommunar ikkje kan tilførast enno meir midlar. LVK har difor i sin uttale peikt på at nokre få kommunar med store kraftanlegg, omfattande naturinngrep og lavt folketal ikkje må vere retningsgjevande for dei totalt rundt 200 kommunane dette gjeld, når intensjonen er å gjennomføre eit eigedomsskattesystem i tråd med Stortinget sin vilje og dei reelle marknadsverdiane som vert skapte. Det er difor med undring vi registrerer departementet sin argumentasjon om at såkalla rike kraftkommunar i distrikta ikkje må bli tildelt rettmessige skattekrone, medan store bykommunar skal få tilført store verdiar gjennom sitt eigarskap i kraftverka – verdiar som er skapt gjennom kraftproduksjon og utnytting av naturressursar i distrikta.

For å tilpasse inntektsveksten til kraftverkskommunane til ein generell inntektsvekst for kommunesektoren på makronivå er framlegget frå LVK-kommunane at kapitaliseringsrenta må gjerast stabil og langsiktig. Dette vil då imøtekomme både dei krav som gjeld skattepolitikken, det vil gje ein auke i eigedomsskatten som avspeglar dei reelle marknadsverdiane og det vil redusere fordelingsverknadane.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ulvik heradstyre viser til LVK sin uttale om minimum- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftanlegg datert 7. juni 2011 og meiner det må gjennomførast to endringar i dagens eigedomsskattesystem for kraftanlegg:

Ordninga med minimums- og maksimumsverdi må fjernast og samtidig bør berekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta gjerast stabil og langsiktig, slik at renta aukar. Samla sett vil desse endringane imøtekomme både dei krav som vert stilt til Regjeringa i utforminga av skattepolitikken, det vil gje ein auke i eigedomsskatten som gjenspeglar reelle marknadsverdiar, det vil redusere fordelingsverknadane (staten sitt proveny tap vert redusert) og det vil vidareføre alle regjeringspartia sitt uttalte syn på ordninga med maksimumsverdiar frå 2003.

Ei vidareføring av ordninga med minimums- og maksimumsverdi – uansett nivå og indeksjustering - vil føre til at dei mest lønsame kraftforetaka får den største skatterabatten. Det aleine viser at ordninga må opphevast.

Eigedomsskatt på kraftanlegg er for dei distrikta som no skal avstå sine naturressursar til gjennomføringa av fornybarpolitikken, den einaste inntektsordninga som gjenspeglar den reelle verdiskapinga vasskrafta står for. Dette på same måten som eigarkommunar og staten får utbytte og overskotsskattar.

### **15.06.2011 Heradsstyret**

### **HST-043/11 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Ulvik heradstyre viser til LVK sin uttale om minimum- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftanlegg datert 7. juni 2011 og meiner det må gjennomførast to endringar i dagens eigedomsskattesystem for kraftanlegg:

Ordninga med minimums- og maksimumsverdi må fjernast og samtidig bør berekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta gjerast stabil og langsiktig, slik at renta aukar. Samla sett vil desse endringane imøtekomme både dei krav som vert stilt til Regjeringa i utforminga av skattepolitikken, det vil gje ein auke i eigedomsskatten som gjenspeglar reelle marknadsverdiar, det vil redusere fordelingsverknadane (staten sitt proveny tap vert redusert) og det vil vidareføre alle regjeringspartia sitt uttalte syn på ordninga med maksimumsverdiar frå 2003.

Ei vidareføring av ordninga med minimums- og maksimumsverdi – uansett nivå og indeksjustering - vil føre til at dei mest lønsame kraftforetaka får den største skatterabatten. Det aleine viser at ordninga må opphevast.

Eigedomsskatt på kraftanlegg er for dei distrikta som no skal avstå sine naturressursar til gjennomføringa av fornybarpolitikken, den einaste inntektsordninga som gjenspeglar den reelle verdiskapinga vasskrafta står for. Dette på same måten som eigarkommunar og staten får utbytte og overskotsskattar.

